



Vestnes kommune

KOMMUNAL PLAN FOR OVERGANGEN MELLOM BARNEHAGE OG SKULE.

1. Lovheimel

- 1) Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- 2) Lov 4. juli 2003 nr. 84 om frittstående skular (friskulelova)
- 3) Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova)

Samarbeidet om overgangen mellom barnehage og skule er heimla i:

§ 13-5 i opplæringslova, § 5,5 i friskulelova og § 2 a i barnehagelova.

2. Formål

Alle barn i Vestnes kommune skal vere sikra ein god overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordning.

Det skal leggjast til rette for ein god og trygg overgang ved at:

- Barnehage og skule samarbeider om overgangen.
- Barnehage og skule saman har ein skriftleg plan for overgangen.
- Barna får kjennskap til dei arenaene dei skal over til.
- Barn og føresette opplever samanheng og progresjon i opplæringa.
- Barnehagen legg til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap, og ferdigheiter som kan gje dei eit godt grunnlag og motivasjon for å byrje på skulen.
- Skulen i samarbeid med barnehagen legg til rette for at overgangen blir opplevd som godt tilrettelagt utifrå barnet sitt behov.
- Foreldre/føresette får god informasjon om overgangen.

3. Ansvar

Skuleeigar har hovudansvaret for samarbeidet og skal utarbeide ein kommunal plan for overgangen frå barnehage til skule og skulefritidsordning.

Einingsleiarane har ansvar for at det blir utarbeidd lokale planer for overgangen.

Dei lokale planane bør m.a. innehalde:

- Opplegget rundt førskulegruppa i barnehagen siste barnehageåret.
- Arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter i barnehage og skule.
- Tilvenning/besøksdagar på skulen og SFO.
- Innskriving/førskuledag.
- Korleis ein markerer barnehageavslutninga.
- Foreldreinformasjon.
- Informasjonsutveksling/overføringssamtalar mellom barnehage og skule.

4. Kven er involvert i overgangen

- Barn, foreldre/føresette
- Styrar, rektor og SFO-leiar. Pedagogisk leiar og lærar.
- I enkeltsaker kan andre tenesteytarar vere involvert.

5. Korleis informere foreldre/føresette

- Foreldremøte i barnehagane på hausten for foreldre med barn som går siste året i barnehagen. Informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med førskulegruppe/skuleførebuande aktivitetar. Presentasjon av kommunal og lokal plan for overgangen mellom barnehage og skule.
- Foreldremøte på skulen på våren med diverse informasjon, søknadsfristar m.m.